

5

Handlekraft

Raudt viser handlekraft og stiller maktpersonar til ansvar. For eksempel da vi stilte mistillitsforslaget som felte Sylvi Listhaug (FrP) som statsråd, eller når vi fleire gonger har pressa gjennom betre ordningar for dagpengar og feriepengar for arbeidslause.

6

Raudt gjer ein forskjell

Raudt er ofte aleine om å stille dei kritiske spørsmåla, særleg når det gjeld hemmelegald og forholdet vårt til EU, USA og NATO. Dei folkevalde frå Raudt har fleire gonger avslørt korrupsjon, og vi står alltid opp for internasjonal solidaritet.

8

Vi er ikkje til sals

Private særinteresser kan ikkje kjøpe seg makt over Raudt. For eksempel takka vi nei da Petter Stordalen tilbød oss pengestøtte for å skape merksemd rundt ei sak han var oppteken av.

7

Ingen karrierepolitikarar

For å unngå å trekkje til oss folk som vil bli politikar for eiga vinning, har vi låge leiarlønningar og minimalt med frynsegode.

9

Ei rørsle – ikkje ein valkampmaskin

Dei med mest makt er aldri på val. Derfor må politikk handle om noko meir enn å velje politikarar kvart anna år dersom vi verkeleg skal få til endring. Det må handle om å byggje ei folkerørsle som kan skape eit vende-punkt i norsk politikk. Kven skal sikre Raudt den styrken som trengs, om ikkje du? Bli med på laget!

RAUDT.NO



Foto: Ihne Pedersen.



Foto: Henrik Madsen.

Fordi fellesskap

fungerer

NI GRUNNAR TIL AT
RAUDT ER DITT PARTI



Foto: Ihne Pedersen

Fordi fellesskap fungerer

Samfunn bygde på samarbeid og likeverd er meir rettferdige enn samfunn baserte på kapitalisme og grådighet. I tillegg har dei ein sunnare og meir stabil økonomi. Derfor jobbar vi for eit samfunn som fungerer for alle, ikkje berre dei på toppen.

Det er i fellesskap med andre vi menneske utviklar oss, og det er i samarbeid med andre vi kan skape eit betre samfunn.

2 Forskjells-Noreg

Du er ikkje mindre verd om du går på trygd, eller om du har ein dårleg betalt jobb. Men du blir behandla sånn. Den økonomiske eliten får stadig meir, mens vanlege folks tryggleik blir svekt. Heldigvis er det mogleg å snu utviklinga, men da må vi saman skape eit vendepunkt.

Vil du ha mindre skilnader mellom folk, er Raudt eit trygt val. Vi arbeider blant anna for å forby bemanningsbransjen, gjere tannhelse gratis og auke lønningane i kvinnedominerte yrke.



Foto: Ihne Pedersen



Foto: Thor Due/Natur og Ungdom

3 Rettferdig klimapolitikk

Det trengs ein ny og kraftfull klimapolitikk, som kuttar utslepp på ein rettferdig måte. Dei som har mest og forureinar mest, må ta kostnaden, ikkje arbeidsfolk.

Derfor vil vi setje grenser for luksusforbruket til eliten, bruke oljefondet til å investere i miljøvenleg industri i Noreg og kutte momsens på kollektivtransport og reparasjonar.

4 Profittfri velferd

Raudt arbeider for at pengar som er løyvde til velferd, skal gå til å ta vare på barna og pleie dei sjuke, ikkje ende opp i private lommer. Framveksten av kommersielle velferdskonsern legg press på kvalitet og arbeidsforhold, og pressar i tillegg ut ideelle aktørar.



Les meir om fleire av hovudsakene våre ved å scanne koden.

Foto: Unsplash